

Godkjent i representantskapets møte 16. januar 2025

Protokoll frå møte i representantskapet 12. desember 2024

Til stades:

Representantskapet: Julie Brodtkorb, Marianne Aasen, Terje Bartholsen, Mathias Hunskaar Furevik, Harald Espedal (sak 101-105, sak 108-113), Tord Hustveit, Martin Kolberg, Anne Berit Lein, Per Botolf Maurseth, Tom Henning Slethei (sak 101-105, sak 108-109), Morten Sjøberg og Terje Rogde (sak 101-105, sak 108-111).

Forfall: Eirin Sund (deltok digitalt på sak 108), Eli Hovd Prestegården og Gjermund Hagesæter.

Frå hovudstyret: Ida Wolden Bache (sak 108-113), Pål Longva (sak 108-113) og Øystein Børsum (sak 108-113). Dei tilsette sine representantar Guro Heimly (sak 108-113) og Mona Sørensen (sak 108).

Frå tilsynssekretariatet: Jan Frode Jakobsen, Siri Ekestad Bauge, Lene Finkenhavn, Peter H. Grutle, Kristian Magnus Langseth, Anne Gullhagen Larsen og Lise Taylor.

Frå Noregs Bank: Ingunn Valvatne (sak 108-113), Kyrre Nilsen (sak 108-113), Bjarne Gulbrandsen (sak 108-113), Jan Thomsen (sak 108-113), Therese Steen (108-113), Alexander Behringer (sak 108-113), Torild Uribarri (sak 108-113), Nicolai Tangen (sak 108-110), Trond Grande (sak 108-112), Ørjan Agdesteen (sak 108), Stian Solheim (sak 108), Hege Gjerde (sak 108), Geir Guldahl (sak 108), Marthe Skaar (sak 109), Torkel Fagerli (sak 112) og Torbjørn Hægeland (sak 113).

Frå BDO: Siv Irene Aasen og Kristine Øvrebø (sak 102)

Møtetid:

Kl. 09:00 – 16:00.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

101/2024 Protokoll frå møte i representantskapet

Saksdokument: Protokoll frå møte i representantskapet 14. november 2024.

Vedtak: Representantskapet godkjenner protokollen frå møte i representantskapet 14. november 2024.

102/2024 Tilsynsgjennomgang – instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank §§ 9-11

Saksdokument: Brev frå tilsynssekretariatet 29. november 2024 vedlagt notat frå sekretariatet om Norges Bank si etterleving av §§ 9-10, og rapporten «Evaluering av

revisjonsutvalgets rammeverk, prosesser og rutiner» av BDO.

Tilsynssekretariatet innleia om gjennomgangen av §§ 9-10 i instruks om risikostyring og internkontroll, og at vurderinga av § 11 om revisjonsutvalet blei set ut til BDO. Deretter presenterte BDO v/Siv Irene Aasen og Kristine Øvrebø rapporten «Evaluering av revisjonsutvalgets rammeverk, prosesser og rutiner». BDO svarte på spørsmål frå representantskapet knyta til innspel/forslag til tiltak som kan styrke arbeidet til revisjonsutvalet ytterlegare.

Vedtak: Representantskapet tar gjennomgangen til tilsynssekretariatet av Noregs Bank si etterleving av §§ 9-10 i instruks om risikostyring og internkontroll i Noregs Bank til etterretning. Representantskapet tar også til etterretning BDO si uavhengige evaluering av rammeverk, prosesser og rutinar i revisjonsutvalet, med utgangspunkt i § 11 i instruksen. Rapporten blir sendt til hovudstyret, og representantskapet ber om tilbakemelding på innspela/forslaga frå BDO.

103/2024 **Representantskapet si eigenevaluering 2024**

Saksdokument: Eigenevaluering 2024 – samandrag.

Tilsynssekretariatet presenterte resultata frå eigenevalueringa som var gjennomgåande gode. Representantskapet drøfta og hadde ei meiningsutveksling om møtefrekvens og kompetanseutvikling for medlemmar.

Vedtak: Representantskapet tar resultata frå eigenevalueringa for 2024 til orientering og ber tilsynssekretariatet ta tilbakemeldingane med i det vidare arbeidet.

104/2024 **Plan for tilsyn 2025**

Saksdokument: Brev frå tilsynssekretariatet 28. november 2024 med plan for tilsyn i 2025 med vedlegg.

Tilsynssekretariatet innleia. Representantskapet kom med innspel til tilsynsplanen, og bad sekretariatet

informere om korleis innspela frå representantskapet vert handtert i eit seinare møte.

Vedtak: Representantskapet godkjenner plan for tilsyn 2025, med dei innspela som kom frå representantskapet i møtet. Representantskapet legg vekt på at det må vere tilstrekkeleg rom for fleksibilitet i arbeidet, slik at framgangsmåten blir tilpassa dei aktuelle risikoområda og oppgåvene.

105/2024 **Budsjettforslag 2025 for representantskapet, tilsynssekretariatet og ekstern revisor**

Saksdokument: Brev frå tilsynssekretariatet 28. november 2024 med budsjettforslag 2025 for representantskapet, tilsynssekretariatet og ekstern revisor.

Tilsynssekretariatet innleia og svarte blant anna på spørsmål frå representantskapet om avveging mellom kjøp av eksterne rådgivingstenester og bruk av intern kompetanse/ressursar. Representantskapet noterte seg at kostnader knyta til tilsynsarbeidet i forhold til banken sine kostnader samla sett over tid må ha gått ned, og var nøgd med budsjettforslaget.

Vedtak: Representantskapet godkjenner budsjett for 2025 for representantskapet, tilsynssekretariatet og ekstern revisjon, som totalt utgjer 49,3 millionar kroner.

106/2024 **Endringar i sentralbankloven - notat om høyringsvar**

Saksdokument: Brev frå tilsynssekretariatet 5. desember 2024.

[Denne saka blei behandla etter sak 113]

Tilsynssekretariatet innleia. Representantskapet drøfta og hadde ei meiningsutveksling, og var spørjande til verknaden av fleire av endringsforslaga. Det er planlagt for eit ekstraordinært møte i januar for behandling av høyringsvaret.

Vedtak: Representantskapet ber sekretariatet om å utarbeide høyringsvar med utgangspunkt i behandla notat og diskusjon frå møtet i representantskapet. Høyringsvaret vil i hovudsak vere ei tilbakemelding

på departementet sine forslag til tiltak for å styrke tilsynet.

107/2024 **Ny lov om Riksrevisjonen**

Saksdokument: Brev frå tilsynssekretariatet 6. desember 2024.

[Denne saka blei behandla etter sak 113]

Vedtak: Representantskapet tar ny lov om Riksrevisjonen til etterretning.

108/2024 **Budsjett 2025 Noregs Bank**

- Saksdokument:
- Forslag til budsjettvedtak frå tilsynssekretariatet
 - Brev frå hovudstyret 21. november 2024 vedlagt budsjettforslag og budsjettframlegg for Noregs Bank 2025

Sentralbanksjef Ida Wolden Bache innleia, etterfølgd av presentasjon frå CFO i Norges Bank Ørjan Agdesteen og nestleiar i NBIM Trond Grande. Etter førespurnad frå Den faste komiteen, la Noregs Bank i presentasjonen sin blant anna vekt på budsjettet sett opp mot strategien til banken og utviklinga i kostnader over tid. Leiinga i banken svarte på spørsmål frå representantskapet om blant anna honorar til eksterne forvaltarar, effektiviseringstiltak og depotkostnader.

Vedtak: I samsvar med sentralbanklova og budsjettreglementet for Noregs Bank har representantskapet behandla og vedtatt hovudstyret sitt forslag til budsjett for Noregs Bank for 2025. Overordna tal frå budsjettet er gjengitt i tabellen nedanfor.

(Tal i millioner kroner)

	Budsjett 2025
Forvaltningsgodtgjøring SPU	8 83
Andre driftsinntekter	20
Sum driftsinntekter Norges Bank	9 04
Personalkostnader SBV	-78
Øvrige driftskostnader SBV	-72
Av- og nedskrivninger SBV	-11
Personalkostnader NBIM	-2 6
Øvrige driftskostnader NBIM	-2 28
Av- og nedskrivninger NBIM	-1
Honorarer til eksterne forvaltere NBIM	-3 99
Eliminering av felleskostnader*	3
Eliminering av felleskostnader allokert fra SBV til TS/RS	
Sum driftskostnader Norges Bank	-102
Netto driftsresultat Norges Bank	-11

*Eliminering består av fordelte kostnader til NBIM, og inkluderer 280 millioner kroner fra sentralbanksjefens ansvarsområde og 37 millioner kroner fra tilsynssekretariatet/representantskapet (TS/RS).

Nye investeringsforslag utgjør samla 373 millioner kroner, fordelt med 363 millioner kroner i sentralbankverksemda og 10 millioner kroner i Noregs Bank Investment Management. Estimert på tidlegare vedtatt og pågåande investeringar som blir vidareført utgjør 35 millioner kroner.

Representantskapet godkjenner 220 millioner kroner i budsjetttramme for 2025 for driftskostnader i operative driftsselskap innanfor eigendomsforvaltninga i Statens pensjonsfond utland.

Representantskapet fastset budsjett for tilsyns- og revisjonskostnader i eige vedtak.

Vedtatt budsjett i Noregs Bank blir oversendt Finansdepartementet i samsvar med sentralbanklova § 4-2.

109/2024 Aktuelle saker

Etter førespurnad frå Den faste komiteen, orienterte sentralbanksjefen med fleire om følgjande:

- SPU kåret til verdas mest opne fond for andre året på rad av Global Pension transparency Benchmark
- Omorganisering i NBIM, irekna at fondet slår

saman avdelingane for aksjar og eigendom/infrastruktur

Til den første saka greia Marthe Skaar, direktør for kommunikasjon og eksterne relasjonar, ut om undersøkinga til Global Pension Transparency Benchmark. Skaar informerte blant anna om at arbeidet med openheit er i tråd med mandatet for forvaltninga av SPU, der det går fram at det skal vere størst mogleg openheit innanfor dei rammene som blir sett av ein forsvarleg gjennomføring av forvaltningsoppdraget. Ho svara deretter på spørsmål frå representantskapet, som blant anna var opptekne av å få bekrefta at banken ikkje har noko økonomiske bindingar til Global Pension Transparency Benchmark. Dette blei bekrefta av banken.

Nestleiar i NBIM, Trond Grande, orienterte om omorganiseringa og svarte saman med leiar i NBIM Nicolai Tangen på spørsmål frå representantskapet om fordelar og ulemper med den nye organiseringa.

Vedtak: Representantskapet tar utgreiingane til orientering.

110/2024 **Protokoll frå møte i hovudstyret**

Saksdokument: Protokoll frå møte i hovudstyret 31. oktober 2024.

Vedtak: Representantskapet har ingen merknader til protokollen frå møte i hovudstyret 31. oktober 2024.

111/2024 **Protokoll frå møte i komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet**

Saksdokument: Protokoll frå møte i komiteen 29. oktober, 6. og 25. november 2024.

Vedtak: Representantskapet tar protokollane frå møta i komiteen for pengepolitikk og finansiell stabilitet 29. oktober, 6. og 25. november 2024 til orientering.

112/2024 **Oppdatering av etiske prinsipp for Noregs Bank**

Saksdokument: Brev frå hovudstyret 29. november 2024.

Juridisk direktør Alexander Behringer innleia og gjekk gjennom dei oppdaterte etiske prinsippa for Noregs Bank. Prinsippa er blant anna utvida med føresegner om tilsette si grunnleggande rett til ytringsfridom, og representantskapet stilte spørsmål om retten til å ytre seg versus lojalitetsplikt og opplæringsaktivitetar rundt dette. Det blei også stilt spørsmål om korleis melding av eigenhandel fungerer og om ein fangar opp all aktivitet.

Vedtak: Representantskapet tar oppdaterte etiske prinsipp til orientering.

113/2024 **Rapport om finansiell stabilitet 2. halvår 2024**

Saksdokument: Brev frå hovudstyret 29. november 2024 vedlagt rapport om finansiell stabilitet 2. halvår 2024

Torbjørn Hægeland, direktør for avdelinga Finansiell stabilitet, innleia om rapporten og svarte blant anna på spørsmål om risiko for ein ny pandemi, tal på hushaldningar som har det vanskeleg og synspunkt på det nye eigenkapitalkravet.

Vedtak: Representantskapet tar rapport om finansiell stabilitet 2. halvår 2024 til orientering.